

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på **T**-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar ein kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til **T**-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Utrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



Velkomen til babysong

i Kyrkjestova
på Oppheim
haust 2025



STØRST AV ALT
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKJA
VOSS



Me vil invitera dykk til **T**-dagar; BABYSONG I KYRKJESTOVA PÅ OPPHEIM

Kva er babysong?

Babysong er lek med song, rim og regler, dans og lyd. Kjennskap til ulike lydbilete er også utgangspunkt for all språkutvikling. Me skal syngja ulike musikksgangrar, dansa saman og bruka ulike rytme-instrument.

Kvifor babysong?

Som mor/far er det berre du som kjenner kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt. For barnet er stemma di det kjæraste og næraste! Babysong handlar ikkje om å prestera, men om å gjera denne kommunikasjonen endå betre ved bruk av song og musikk. Denne invitasjonen vert sendt til døypte i Den norske kyrkja. Men **alle** er velkomne!

Ingen forkunnskap trengs for å delta!

Kursleiar:

Ellen Marie Selland Geithung, folkemusikkutøvar, organist og lærar i kulturskulen.
Medlem i foreninga Musikk fra livets begynnelse.

Praktisk.

Babysong startar opp i veke 34, og går over 6 torsdagar. Me møtes kl 10.30 – 11.15 i Kyrkjestova på Oppheim. Her skal de ikkje ta med anna enn dykk sjølve, babyen og ein gulpeklut... Etter samlingane vert det smyrje-lunch. Invitasjon vert sendt til born fødd siste halvdel av 2024 og fyrste halvdel av 2025, og deira føresette. Veit de om andre som har lyst til å vera med, ta kontakt med Ellen Marie Selland Geithung

Datoar for babysongsamlingane er desse torsdagane:
21.08., 28.08., (04.09 vert det ikkje babysong), 11.09., 18.09.,
25.09. og 02.10.

Desse samlingane er eit samanhengjande kurs.
Påmelding (sms) til Ellen Marie: 980 645 94